



Sogn og Fjordane
krets av NSF



ALLTID BEREDT

ÅRSMELDING 2009 for Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Kretsstyret:

Kretsleiar: Niels Larsen (Årdal)
Visekretsleiar: Wenche Selland (Naustdal)
Styremedlemmer: Eirik Ulltang Birkeland (Førde)
Mats Brunsvik (Måløy)
Anne Mabel Nybakk (Måløy)

1. varamedlem: Johan Birkeland (Førde)
2. varamedlem: Daniel Nedrelid (Florø FA)

Leiartrenarar: Wenche Selland (Naustdal)
Thorleif Jakobsen (Nordfjordeid)

Kasserar: Arve Nybakk (Måløy)
Revisor: Isak Kvalheim

Pr. 31.12.2009 hadde kretsen 254 betalande medlemmer, ein oppgang på 8 personar frå 2008. 211 av medlemmene var under 26 år. Kretsen har 9 grupper, og 2 av dei er passive.

Kretsstyret har halde 5 styremøte og 1 kretsting/årsmøte.

Kretsting/årsmøte:

Dette var 7. mars på Skei. Vi vedtok mellom anna at vi frå no av berre skulle ha eitt kretsting i året.

Kretsbannerkonkurransen:

Denne var 17.–19. april på Nordfjordeid. Det var om lag 40 deltakarar frå gruppene Nordfjordeid, Måløy, Førde og Naustdal. Oppgåvene gjekk mellom ut på å lage ein stol og å planlegge og gjennomføre ein «Scout's Own». Patruljen «Kløver» frå Eid vann og reiste til NM i speiding, som var i Bergen.

Vandrarsamling/peffkurs I:

Dette var 4.–6. september i Naustdal. Det var om lag 25 deltakarar frå gruppene Naustdal, Førde, Eid, Kaupanger og Systrond. Her fekk deltakarane lære ein del om speiding, og dei fekk mellom anna prøve å lage pil og boge.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Speidarsamling med JOTA/JOTI:

Dette var 16.–18. oktober på Teigen i Eikefjorden. Det var om lag 65 deltakarar frå gruppene Florø FA, Naustdal, Førde, Systrond, i tillegg til 2–3 radioamatørar. Temaet var som vanleg på denne samlinga JOTA/JOTI, og i tillegg hadde vi andre varierte aktivitetar både ute og inne.

Utopia:

Landsleiren til Norges speiderforbund var 4.–11. juli i Åndalsnes i Møre og Romsdal. Kretsen låg samla rundt ambassaden, som heitte «Lykkeland», og vi var i overkant av 100 deltakarar frå kretsen vår.

Vi hadde også laga eit oppgåveark med spørsmål frå Sogn og Fjordane, og når speidarane hadde vore gjennom løypa, fekk dei eit ambassademerkje som vi hadde fått laga som premie. I tillegg hadde vi også ei sporløype med spørsmål frå Sogn og Fjordane.

Vi laga i tillegg til ei roversamling på landsleiren, der vi serverte «champagne» og kanapéar. Vi snakka mellom anna om kva roverane i kretsen vil i framtida. Det var eit svært godt oppmøte – heile 28 roverar frå kretsen var med på samlinga.

Sogn og Fjordane krets var også godt representert på arbeidsleiren før sjølve landsleiren. Det var ein flott leir med mange gode minne.

Leiarutvikling:

Vi har hatt eitt leiarkurs i løpet av året, i Jølsterlia . Der var det 5 deltakarar, alle frå Systrond. Vi har ikkje fått inn søknader om støtte til leiarkurs i løpet av året, men to i styret var med på Roverløft og éin på Lederløft, som er sentrale arrangement i regi av Norges speiderforbund.

KL-/KS-samlingar:

Vi har sendt deltakarar til begge kretsleiar- og korps sjefsamlingane. Wenche var på Ingelsrud om våren, og Niels og Eirik til Hadeland (Viubråtán) om hausten.

Gruppebesøk:

Vi har hatt ein del kontakt med gruppene, men vi har ikkje vore ute på besøk til dei.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no